


Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO



Vår ref.:	Deres ref.:	Saksbehandler:	Dato:
2011/263 - 4144/2011		Hans K. Stenby, 51 96 38 17	06.10.2011

### Fagerbergutvalgets utredning NOU 2011:6 - Et åpnere forskningssystem - høring

Det vises til brev av 30.05.11 og NOU 2011:6 Et åpnere forskningssystem.

Helse Vest RHF vil her gi uttale til høringen. Som ledd i arbeidet har vi også konsultert også konsultert helseføretaka.

#### Generelle kommentarer til innstillinga

Vi er av den oppfatning at Fagerbergutvalet først og fremst har hatt fokus på høgskole- og universitetssektoren. Forsking i helseføretaka blir kommentert men er ikkje undergitt same merksemd.

Utvalet manglar også representasjon frå helseføretaka. Det er Helse Vest si oppfatning at forskning i helseføretaka ikkje er omtala i tilstrekkeleg grad og innhaldet er prega av at utvalet ikkje kjenner sektoren godt. Helseføretaka er ein av tre sektorar og står for om lag ein fjerdedel av den offentleg finansierte forskinga i Noreg (basert på talet vitenskaplege publikasjonar publisert i tidsskrift indeksert for ISI web of science i 2006, Norsk Vitenskapsindeks, Rapport 33/2008 NIFU STEP).

Utredninga manglar svar på hovudspørsmålet om forskinga sine samfunnseffektar både generelt og innanfor helseføretaka sine ansvarsområde.

Helse Vest støttar ikkje forslaget om å sentralisere regionale forskingsmidlar til Noregs forskingsråd eller tilsvarande. Årsakene til dette er fleire, mellom andre:

- Ei av helseføretaka sine fire hovudoppgåver er forskning, denne må finansierast.
- Fordeling av forskingsmidlar til dei regionale helseføretaka sikrar kvalitet i pasientbehandlninga, kompetanse i sjukehusavdelingane og evne til kritisk vurdering av ny forskning. Helseføretaka gjer strategiske val i høve til kva område som treng ny kunnskap for å betre helsetenestetilbodet gjennom ny diagnostikk og nye behandlingmetodar.
- Helseføretaka i Helse Vest kan vise til effektiv ressursbruk, god kvalitet og særdeles god gjennomføringsevne i doktorgradsutdanninga. Om lag 60 % av dei regionale forskingsmidlane går til doktorgrads- og postdoktorgradsprosjekt i regionen. Resultata viser svært høg gjennomføringsgrad i doktorgradsutdanninga, i det om lag 95 % av alle som har fått tildelt doktorgradsstipend har avlagt phd graden innan rimeleg tid. I tillegg er det høg grad av internasjonalt samarbeid og god kvalitet på publikasjonane.

Det er viktig å behalde eit mangfald og eit desentralisert initiativ i forskinga. For helseføretaka gir det grunnlag for å styrke den kliniske og direkte pasientretta forskinga.

**Kommentarar til utvalet sine forslag om etablering av indikatorar for vurdering av samanheng mellom mål, ressursar og resultat i norsk forskning**

Utvalet sitt forskingsbarometer har prioritert universitet og høskular og seier lite om helseføretaka. Å måle forskingsresultat og effektivitet gjennom indikatorar er komplisert. Helse Vest er i utgangspunktet skeptiske til å innføre fleire indikatorar enn dei ein har i helseføretaka i dag. Det er viktig å sikre legitimitet til målesystemet og unngå nye indikatorar som kan overlape med dei eksisterande.

Med hilsen

*Baard-Christian Schem*

Baard-Christian Schem

fagdirektør

*Hans K. Stenby*  
Hans K. Stenby  
plansjef